


## Fiber til heimen: **Lambhaug**



Ynskjer du å oppgradera heimen med ei internettløysing som gjev deg tilgang på høge hastigheitar, god driftstryggleik og stabilitet?

I samarbeid med Luster Energiverk og ditt lokale Bygde- og Ungdomslag ynskjer Sognenett å lodde interessa for utbygging av fiber i området «**Lambhaug**». Alle som bur innanfor det skisserte dekningsområdet vert difor invitert til informasjonsmøte onsdag 1. juni i Ljosvang Ungdomshus.

Med fiber til heimen får du ei framtidretta løysing som er klar for både dagens og framtidens behov. Oppslutnad er avgjerande for utbygginga og me vonar at så mange som mogleg vert med på satsinga.

På informasjonsmøtet vert tilbod og moglegheitar presentert. Det vert også høve for å få redusert eingongskostnadar gjennom dugnadsinnsats og høg oppslutnad tidleg i prosjektet.

Har du ikkje høve til å møta oss onsdag 1. juni eller har du nokre spørsmål om prosjektet? Ta gjerne kontakt med oss på tlf 9519 2222 eller send ein e-post til [sal@sognenett.no](mailto:sal@sognenett.no)

### **INFORMASJONSMØTE:**

Onsdag 1. juni kl. 19:00

Stad: Ljosvang Ungdomshus

## Kva er fiber til heimen og kvifor oppgradere til dette?

Fiber til heimen er eit framtidsretta produkt med ein betre stabilitet og driftstryggleik enn andre alternativ. Den fiberoptiske kabalen formidlar lyssignal framfor straumpulsar, noko som gjev ein enorm fart og kapasitet samanlikna med tradisjonelle alternativ som nyttar signal gjennom telefon- eller KabelTV-linja. Med fiber til heimen får du tilgang til eit superraskt internett, og me tilbyr i dag lik hastigheit på både opp- og nedlastinga, frå 30 Mbit/s til 1000 Mbit/s. Du vel akkurat det abonnementet som passar ditt behov. Med fiberens høge kapasitet vert du også betre rusta for dagens og framtidas internettløysingar!

Visste du at fiber til heimen kan potensielt gje ein **verdiauke** på bustaden din?\*

Etableringskostnaden tilknytt fiber til heimen er slik sett ein rimeleg investering med tanke på den potensielle verdiauka på bustaden din.

Me i Sognerett jobbar hardt for å gje våre kundar fibernett og dei same moglegheitene som storbyar har på dette område. Det er difor gledeleg at me no kan tilby deg fiber til heimen!

## Get TV-løysing gjennom fibernettet til Sognerett

Ved å tinge fiber til heimen kan du få både fiber og TV gjennom same leidning. Saman med vår samarbeidspartnar Get kan du no sleppe skjemmande antenner, få sylskarpe bileter, fantastisk lyd og ein kort reaksjonstid!

I eigen Get-brosjyre finn du ein oversikt over dei TV-pakkane som me kan tilby gjennom Get.



Inkludert i eit Get-abonnement får du også tilgang på:

- ✓ Valfridom! 20 av kanalane i Startpakken kan du sjølv velje frå eit utval på over 70 kanalar.
- ✓ Get TV-app på iPhone og Android
  - Trådløs TV på iPad, iPhone og Android når du er påkoppa internett.
    - Tilgang på 30 kanalar i heimen med fiber frå Sognerett, og 17 kanalar utanfor heimen!
- ✓ Get programguide. For deg som vel Get Box II kan du frå mobilen leggje inn kva slags program dekodaren skal ta opp!
- ✓ Filmleige

\*Kilde: TEK.NO: «God nettlinja øker boligverdien» (07.02.2012)

Du vel sjølv om du ynskjer dekodar med eller utan opptaksfunksjon. For beste TV-oppleving tilrår me at du vel ein Get Box II (med opptaksfunksjon), samt valfritt tal Mikro-dekodarar (etter behov). Meir informasjon om dei ulike dekodarane finn du i ein eigen brosjyre.

Me tilrår at du på førehand vurderer kor mange dekodarar du treng, og korleis dei kan kablast med nettverkskabel frå der modemmet skal stå. Du som kunde er sjølv ansvarleg for den interne kablinga. Per i dag er det dessverre ikkje mogleg å sende trådlause signalar til dekodarane, med unntak av at du kan sjå TV trådlaut med Get TV-app på iPhone, iPad og Android!

## **Korleis vert installasjon av fiber til heimen?**

Etter å ha signert kontrakt på fiber til heimen og utbygginga har starta vert det behov for eigeninnsats på eigen tomt. Ved utbyggingsstart kjem våre entreprenørar til din tomtegrense med eit røyr på 8-12 mm i diameter og du er sjølv ansvarleg for å føre røyret frå tomtegrense til husvegg. Føringsveg på eige tomt er kundens eige ansvar.

Sognetett gjer elles alt av installasjon og tilknytning for internettløyisinga, noko som er inkludert i etableringsprisen. Det vil sei at du betalar ikkje noko ekstra utover etableringa for å få satt opp og installert det trådlause multimodemmet innvendig i bustaden slik at du kan bruke internettet.

Våre montørar installerer enklaste føringsveg.

Mogleg unntak er dersom du i dag får straum via luftstrekk, då vil du med all sannsyn også få fiberkabel via same luftstrekk. Dersom fiberkabel skal gå via luftstrekk vil du få ein tilbakemelding frå vårt mannskap, og dei vil i så tilfellet utføre arbeid med framføring av kabel på din eigedom.

Når utbyggingsstart nærmar seg vert det sendt ut eit meir utfyllande informasjonsskriv til alle som har signert kontrakt på førehand. Her vil det også være kontaktinfo på entreprenør, som me tilrår at ein tek kontakt med dersom ein har spørsmål om føringsveg og installasjon.

Sognetett gjer elles merksam på at forseinkingar kan oppstå som følgje av uføresette hendingar. Me vil i så tilfelle varsle dei som vert påverka.

## **Kva skjer med eksisterande TV- og internettabonnementet?**

Dersom du har Sognetett som internettleverandør i dag, avsluttar me automatisk ditt gamle internettabonnement når du har fått installert fiber. Om du har ein anna leverandør enn Sognetett må de sjølv sei opp dette abonnementet på førehand. Normal oppseiingstid er ut påfølgande månad, men me tilrår at du avklarar dette med din leverandør på førehand. Gjer merksam om at oppseiing på TV er ofte lengre enn på internett hos dei aller fleste.

## Prisar for fiber til heimen

I ein avgrensa periode vil me tilby reduserte prisar for etablering av fiber til heimen. Det er alltid meir lønsamt å tinge fiber til heimen i starten av eit prosjekt, enn å tinge det ved eit seinare høve når prisane har auka. Gjeldande prisar for fiber til heimen og Get-TV finn du eigen brosjyre/vedlegg.

Eingongskostnadar og abonnement vert fakturert *etter* at fiberen er installert i bustaden.

## Om signering av kontrakt

Kontrakt som dykk signerer er ein avtale om at dersom me kjem til ditt område og byggar fiber, så ynskjer du å ha dei produkta som du signerte på i kontrakten med ein 12 månadars binding i frå dagen du vert oppkopla.

I høve framdrifts- og prosjektplanen er det ynskjeleg at så mange som mogleg tingar fiber til heimen tidleg, då dette er til stor hjelp for både entreprenør og oss.

Om du ynskjer å endre noko på kontrakten har du sjølv sagt 14 dagars angrenerett frå kontrakten er signert. Det er i så tilfelle berre å sende ein e-post til [sal@sognetett.no](mailto:sal@sognetett.no) og oppgje dei endringane som du ynskjer at me skal registrere.

Dersom du ynskjer fiber til heimen kan utfylt fiberkontrakt sendast i retur til [sal@sognetett.no](mailto:sal@sognetett.no) eller som brev til: *Sognetett AS, PB 345, 6852 Sogndal.*

## Spørsmål?

Kontakt oss gjerne dersom du har spørsmål eller andre tilbakemeldingar!

Me er tilgjengeleg kvardagar kl. 08:00-16:00 på både telefon 95 19 22 22, e-post ([post@sognetett.no](mailto:post@sognetett.no)) og kontoret i Fjørevegen 20 (inngang på baksida).